




Sunnfjord
kommune



KOMMUNAL PLAN FOR **IDRETT, FYSISK
AKTIVITET OG FRILUFTSLIV I
SUNNFJORD KOMMUNE**

PLANPROGRAM



FØREORD

Naustdal, Gauldalen, Førde og Jølster kommune starta med dette opp arbeidet med å lage til ei felles plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv i Sunnfjord kommune. Det er i «Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet -2018» ei forutsetning at det anlegget, som tiltaket søkast om tilskot til, inngår i ein vedteken kommunal plan.

God medverknad frå lag, organisasjonar og innbyggjarane er særsviktig i denne planen, for det er i stor grad desse som skal følgje opp planen når den er vedteken. Då det er avgrensa resursar i dei gamle kommunane i 2019 og ny kommune ikkje vert oppretta før 01.01.2020 vil det ikkje bli tid og resursar til ein optimal prosess i høve medverknad og involvering både ute, internt og politisk. Prosessen skal gjerast på ein best mogleg og mest effektiv måte utifrå dei resursane og tida ein har.

Planen vil gjelde for Sunnfjord kommune i perioden 2020-2023.

Med planprogrammet ynskjer ein å informere om føremålet med planen, føringar for planarbeidet, avklare tidsfristar og prosess og invitere til medverknad frå innbyggjarane, lag og organisasjonar, overordna mynde og andre med interesser i tema.

Ut i frå omsyn til tid fram til planvedtak, vil det bli lagt opp til prosessar for å få inn konkrete tiltak til planforslag i denne første oppstarts/høyningsfasen. Dette vil også gje tidleg medverknad - og eit betre grunnlag for å utarbeide eit godt planforslag i neste omgang.

Merknader til planprogrammet og innspel til planen sendast til:

Jølster kommune


Ospene 1

6843 Skei i Jølster

Eller som e-post til postmottak@jolster.kommune.no



Sunnfjord
kommune



Innhold

PLANPROGRAM	1
FØREORD.....	2
1 BAKGRUNN OG FØREMÅL MED PLANARBEIDET	4
1.1 BAKGRUNN OG MÅL	4
1.2. KOMMUNALE PLANAR	4
1.3. VEDTAK.....	4
2 FØRINGAR.....	5
2.1. KOMMUNALE FØRINGAR.....	5
2.2 REGIONALE OG NASJONALE FØRINGAR	6
3 ORGANISERING AV PLANARBEIDET	7
3.1. POLITISK ORGANISERING.....	7
3.2 ADMINISTRATIV ORGANISERING	7
4 MEDVERKNAD OG INFORMASJON	8
4.1 OPPSTARTSVARSEL OG OFFENTLEG ETTERSYN/HØYRING	8
4.2. LAG OG ORGANISASJONAR.....	8
5 FRAMDRIFTSPLAN	9



1 BAKGRUNN OG FØREMÅL MED PLANARBEIDET

1.1 BAKGRUNN OG MÅL

Planprogrammet skal blant anna gi ei kort skildring av planprosessen og opplegget for å informere og oppfordre til medverknad av planen.

Ny plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv er ein kommunal temaplan, men vil i hovudsak følge prosesskrava etter plan- og bygningslova kap. 11. På den måten vert det sikra at fellesnemnda kan vere prosjekteigar, og ikkje kvar enkelt kommune.

Føremålet med planarbeidet er å få ein samla plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv for Sunnfjord kommune. Eit viktig føremål med kommunal plan for idrett- og fysisk aktivitet er at den skal danne eit grunnlag for å kunne prioritere og å søkje spelemidlar til idrett- og friluftsanlegg. Planen skal innhalda både handlingsprogram med prioriteringar og ein langsiktig plan. Dette for å unngå at det vert gjort kortsiktige prioriteringar utifrå særinteresser. Fokus no vert å ha ein effektiv prosess med å sy saman dei eksisterande handlingsprogramma på ein god måte, samtidig som ein planlegg viktige prosessar og tiltak.



Vieåsen barnehage besøker dagsturhytta i Førde

1.2. KOMMUNALE PLANAR

Alle kommunane i Sunnfjord kommune har i dag gjeldande planar for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv. Tidspunkt for siste revisjon er ulikt, men alle handlingsprogramma varer til og med for 2019. Desse planane vert grunnlaget for utarbeiding av denne planen.

1.3. VEDTAK

Fellesnemnda i Sunnfjord er politisk styringsorgan for oppstart, godkjenning av planprogrammet og utlegging til offentleg ettersyn. Det nye kommunestyret for Sunnfjord kommune vil hausten 2019 vere vedtaksorganet for planen.



2 FØRINGAR

2.1. KOMMUNALE FØRINGAR

Det er ikkje utarbeidd planstrategi eller godkjent andre planar for Sunnfjord kommune. Interkommunal plan for klimaomstilling i Sunnfjord 2018 – 2030 skal godkjennast i år.

Planstrategi for Sunnfjord kommune vil gi føringar for tidspunkt i høve revisjon av planen, men det er ynskje om ein å starte ein omfattande revisjon i ny kommune for få til ein mykje betre planprosess som vil gi kommunen eit sterkare styringsverktøy.

Det viktigaste føremålet med denne planen er at den skal gje eit grunnlag for å kunne prioritere og å søkje spelemidlar til idrett- og friluftsanlegg i år 2020. Planen skal fyrst og fremst vere handlingsretta, men må innehalde både handlingsprogram med prioriteringar og ein langsiktig plan. I ny plan tek ein sikte på å vidareføre anlegg som ligg i eksisterande handlingsprogram. Dette vil vere føreseileg for søkjrarar, innbyggjarar og idrettslaga i Sunnfjord kommune.

Planen skal sikre at ein har god ressursutnytting av areal til idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv, og samstundes ivareta eit heilskapleg perspektiv. Den skal også stimulere til auka samarbeid om vidareutvikling av anlegg for idrett og fysisk aktivitet.

Lågterskel friluftsliv med god tilrettelegging og tilkomst for alle er viktig for gode nærmiljø og for å betra den generelle folkehelsa. Aktivitet er viktig i alle aldrar, men det er spesielt viktig å leggje til rette for at barn og unge og alle med nedsett funksjonsevne får utvikle seg og vere aktive. Det er difor særskilt viktig at nærmiljø og skuleområde innbyr til allsidig aktivitet.

Viktige og langsiktige målsettingar i planarbeidet er:

- Å fremje folkehelsearbeidet i kommunen.
- Å ha og legge til rette for lågterskel friluftsliv med god tilrettelegging for folk i alle alderar og funksjonsnivå.
- Å legge til rette for allsidige og mangfoldige nærmiljøanlegg i alle delar av kommunen
- Legge til rette for attraktive anlegg slik at alle born og unge kan vere aktive.
- Å legge til rette for å vere verksommune for nasjonale og internasjonale arrangement

Planen skal også ha fokus på gode tiltak og prosjekt som gjere oss i stand til ein å lage ein god og framtidsretta plan ved neste revisjon. Desse tiltaka og prosjekta skal ha fokus på å få løyst følgjande:

- Nye anlegg skal sjåast i samanheng med eksisterande i forhold til behov og geografisk plassering og også saman med utvikling av gredene og lokalsamfunna.
- Anlegg og friluftslivsområda skal vere allsidige og fungera som gode møteplassar.
- Plan for vedlikehald og at vi synleggjer dei tilboda vi har godt.



2.2 REGIONALE OG NASJONALE FØRINGAR

Regionale føringer for kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv:

Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027

Regional plan for folkehelse 2015–2025

Regional plan for klimaomstilling 2018-2021

Nasjonale føringer for kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv:

Kulturlova

Ulike stortingsmeldingar

Veileder - Kommunal planlegging for idrett og fysisk aktivitet, 2014 (Kulturdepartementet)



Fotograf: Langeland Ski- og fritidssenter



Sunnfjord
kommune

3 ORGANISERING AV PLANARBEIDET

3.1. POLITISK ORGANISERING

Planprogrammet skal leggjast på høyring og vedtakast av Fellesnemnda for Sunnfjord kommune. Fellesnemnda skal også legge den kommunale planen ut på offentleg ettersyn.

Endeleg vedtak av plan gjer kommunestyret i Sunnfjord kommune.

3.2 ADMINISTRATIV ORGANISERING

Kommande einingsleiar for idrett og friluftsliv i Sunnfjord kommune er prosjektleiar for arbeidet og skriv, med hjelp frå representant frå prosjektsekretariatet og arbeidsgruppa, framlegg til plandokumenta og saksframlegg til politiske møter.

Ei prosjektgruppe med ansvarlege representantar frå alle kommunane er oppretta og desse representantane har ansvaret for å følgje opp prosessen ved å sikre informasjon og kommunikasjon med eigen kommune.

Rolle	Ansvar	Organisasjon
Prosjektansvarleg	Kommunalsjef for kultur og idrett	Sunnfjord kommune
Prosjekteigar	Kommunedirektøren	Sunnfjord kommune
Referansegruppe	Politisk prosjektgruppe for planen	Sunnfjord kommune
Prosjektleiar	Anne-Grete Nøttingnes Rognsøy	Jølster kommune
Representant frå prosjektsekretariatet	Ørjan Stubhaug	Sunnfjord kommune
Prosjektgruppe	Inge Larsen, Birgitte Refvik, Laila Bergheim Ommedal, Robert Gelin Rysjedal	Førde, Gauldalen, Jølster og Naustdal
Kontaktpunkt mot fylkeskommunen	Atle Skrede	Fylkeskommunen

Det vert halde kontinuerleg møte, og aktuelle ressursar vert tekne inn etter behov.



4 MEDVERKNAD OG INFORMASJON

4.1 OPPSTARTSVARSEL OG OFFENTLEG ETTERSYN/HØYRING

Ved oppstart og ved offentleg høyring og ettersyn skal planen leggjast ut på nettsidene til kommunane og det skal informerast om frist for innspel og kvar ein skal sende eventuelle merknader. Det vert felles annonse i Firda, der ein oppmodar lag og organisasjonar om å koma med innspel knytt til fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv.

Dei politiske utvala, ungdomsråd, råd for eldre og råd for menneske med nedsett funksjonsevne, i eksisterande kommunar, skal også vere høyringspart. Førde idrettsråd, saman med idrettslaga i eksisterande kommunar, skal vere ein nær samarbeidspart fram til nytt idrettsråd for Sunnfjord tek over denne rolla.

Gjennom varsel om oppstart og høyring av planprogram vil kvar enkelt kommune oppmoda aktuelle lag og organisasjonar om å koma med innspel til planen tidleg.

I høyringa vil kommunane nytte eksisterande høyringslister som normalt vert nytta, samt kontakte alle skular og barnehagar i Sunnfjord kommune.



Sanden i Naustdal Fotograf Øystein Ullaland



Problemstillingar til lag og organisasjoner:

- Korleis kan planen bidra til / stimulere til aktivitet og samarbeid med lag og organisasjoner?
- Korleis sikrar vi i planarbeidet at det vert teke omsyn til alle grupper?
- Korleis sikrar vi i planarbeidet alle aktuelle område som kan og bør utviklast vert det?

5 FRAMDRIFTSPLAN

TIDSPUNKT 2019	Jan	Feb	Mars	April	Mai	Juni	Juli	Aug	Sept	Okt
Aktivitet										
Utarbeide planprogram										
Vedtak om oppstart										
Høyring – planprogram										
Vedtak planprogram										
Arbeid med plan og handlingsprogram										
Vedtak om høyring										
Høyring plan og handlingsprogram										
Etterarbeid										
Vedtak i Sunnfjord kommune										

Det kan gjerast mindre justeringar av framdriftsplanen dersom dette er føremålstenleg.

Sist redigert 29.01.19 av Anne-Grete Nøttingnes Rognsøy